



## Prosjektplan UNGmusikk, verkstader og konsert

**Mål:** Skipa til gode og inspirerande kurs og verkstader for born og unge på Voss som syter for at musikkgleda og kompetansen for rytmisk musikk aukar!

**Korleis:** Skipa til verkstader og konsert for, av og med unge på Voss

**Kor tid:** Mars 2016

Gjennom å tilby verkstader med profesjonelle musikkarar for ungdom gir me eit spanande og utviklende program for denne viktige målgruppa. I tillegg er det viktig å bruka den profesjonelle arenaen Vossa Jazz er til å tilby scene og teknisk produksjon som er i ypparste klasse. Me ynskjer fullteikna kurs med godt innhald, det skal vera både kjekt og nyttig å vera med. Me er opptekne av at det skal vera eit godt tilbod for alle i bygda, desse kursa vil vera eit supplement eller alternativ til mange gode idrettstilbod.

### SPELEKURS: INDIVIDUELT OG SAMSPEL, UNGDOM 16 - 20 ÅR. Plass til 30 ungdomar

Me ynskjer å skipa til to ulike verkstader for ungdom med instrument; den eine med fokus på individuell undervisning og den andre på samspel. Til verstadane vil me invitera inn profesjonelle musikkarar som kan gje undervisning på ulike instrument; både gitar, trommer, vokal, bass og tangentar. Ungdomen som melder seg på dette kurset får òg tilbod om å vera med i samspelgrupper. Ein ynskjer at dei unge musikkarane skal få prøve seg i ulike grupper og få bandtrening gjennom å spela i ulike konstellasjonar. Kompetansen og erfaringa instruktørane sit med vil vera viktig for desse unge i utviklinga vidare.

Kurset vil gå over to dagar ei helg i starten av mars, det vil vera open invitasjon, men ein vil venda seg direkte til Voss Jazzskule, elevar ved musikklinja på Voss Gymnas og andre vidaregåande skular i bygda. Som instruktørar ynskjer me å hente inn profesjonelle musikkarar som er gode formidlarar. Her er Ivar Kolve og Tore Brunborg namn på gode musikkarar som er frå Voss og kan koma heim og gje ungdomen inspirasjon og kunnskap.

## KONSERT UNDER VOSSA JAZZ. Plass til 30 ungdomar

Det skal vera konsert med ungdomen saman med profesjonelle musikarar. Gjennom øvingsdagar i forkant skal dei førebu seg til konsert som vert framført under Vossa Jazz 2016. Alle som deltek på verkstadane er velkomne til å vera med. Konserten vil vera presentert i våre programflater.



Frå Vossa Jazz 2014

## DANS OG IMPROVISASJON I VANGSGATA. Plass til 50 ungdomar

På Voss er me gode på mykje, men ikkje fullt så gode på nokre ting. Døme på dette er tilbod om streetdans -og musikk til born og unge. Denne kulturaktiviteten er populær mange stadar, men grunna mangel på kompetente instruktørar er det ikkje noko stort miljø for dette på Voss.

I samband med festivalen ynskjer me òg å skip til kurs i dans og musikk på og ved skatetrapmen i sentrum. Profesjonelle musikarar skal spela medan profesjonelle dansarar held kurs i breakdance og skating. Me vil invitera med profesjonelle musikarar som er gode på improvisasjon, og med ein musikalsk mentor kan me jobba for å få med ungdom til å spela undervegs! Slik vil det vera kurs både i dans og musikk. Dette er ein spanande måte å jobba på, at unge musikarar får læra av profesjonelle og trenar seg på å gjera live-framføringer der m.a. improvisasjon vil stå sentralt.

På Vossa Jazz 2015 fekk ungdom med Kulturkort GRATIS tilgang til fire ulike konsertar. Kulturkort- logoen og informasjon for fordelar ligg på heimesida til Vossa Jazz, under program og omtale:  
<http://vossajazz.no/ungjajazzja-2/>